

Oppfølgingsordninga - delrapport 3

Skoleeigarane er fornøgde med oppfølgingsordninga

Dei fleste skoleeigarar er godt fornøgde med oppfølgingsordninga. Utbyttet kommunane har av ordninga varierer noko, men det ser ut til at endringane som er gjort i ordninga sidan 2020 verkar positivt.

RAPPORT | SIST ENDRET: 27.02.2024

Tittel:

Evaluering av ny kompetansemodell - Delrapport 3: Har endringene i oppfølgingsordningen bidratt til å gjøre ordningen mer treffsikker?

Rapporten:

[Last ned rapporten hos ODA \(pdf\)](#)

Forfatter:

Øyunn Syrstad Høydal, Trine Myrvold, Selma Lyng og Elin Borg

ISBN:

978-82-7609-476-3 (Nettutgave)

Utgiver:

Arbeidsforskningsinstituttet, OsloMet

År:

2024

Rapportserie: Evaluering av tilskudd til lokal kompetanseutvikling

De nasjonale tilskuddsordningene for lokal kompetanseutvikling i barnehage, skole og fag- og yrkesopplæringen evalueres i to prosjekter.

[Les mer, og se alle publiserte rapporter](#)

- Skoleeigarane er godt fornøgde med oppfølgingsordninga, som dei meiner har gitt dei betre

kompetanse til å drive kvalitetsutvikling i skolen. Resten av deltagargruppene er litt meir avmålt. Mellom anna meiner ein del skoleleiarar at dei blir for lite involverte i det innleiande arbeidet med å definere utfordringane i kommunane.

- Dei fleste aktørane er positive til dei siste endringane i ordninga, sjølv om rettleiarar frå gjennomføringsfasen tidvis er kritiske til analysearbeidet som er gjennomført i forfasen.
- Skolen sin bemanningssituasjon, lokale utfordringar og korleis skoleleiarane prioritærar og organiserar ordninga, har noko å seie for utbyttet av ordninga. Ikkje alle skoleeigarar klarer å nyttiggjere seg av ordninga, og har behov for tettare oppfølging enn det ordninga legg opp til.
- Evalueringa viser at samarbeidet med regionale universitet og høgskolar kan vere utfordrande der det ikkje er tradisjon for eit slikt samarbeid, og der UH manglar kapasitet og kompetanse. Dette bidreg igjen til ei skeiv arbeidsbelastning mellom statsforvaltarembeta.



Oppfølgingsordninga

Oppfølgingsordninga er eit frivillig tilbod til kommunar som over tid har svake resultat på sentrale indikatorar innan læringsmiljø og læringsutbytte. Ordninga skal bidra til at kommunen som skoleeigar har kompetanse og kapasitet til å drive kvalitetsutvikling. Oppfølgingsordninga inngår i tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring, som er statleg støtte til det lokale arbeidet med kvalitets- og kompetanseutvikling. Så langt er fire uttrekk gjennomførte, i 2017, 2018, 2020 og 2022. I kvart uttrekk får inntil 40 kommunar tilbod om å delta i ordninga.

Frå 2020 har statsforvaltar fått eit tydelegare ansvar for ordninga. Då vart ordninga i tillegg utvida frå to til tre år, med innføringa av ein eittårig forfase med analysearbeid, planlegging og forankring.

[Les meir om Oppfølgingsordninga.](#)